



HØYRING: KRAFT FRÅ LAND TIL JOHAN SVERDRUP-FELTET - KONSESJONSSØKNAD OG KONSEKVENSGREIING

Saksnr	Utval	Møtedato
5/15	Teknisk utval	08.01.2015

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Teknisk utval er positive til prosjektet, og har følgjande kommentarar:

- 1) Ein forutset at det er kapasitet på nettet til eit uttak av denne storleiken, utan at det får negative konsekvensar for anna industri i nærleiken innafor nærmaste framtid.
- 2) Ein forutset også at anleggsvegen som går aust-vest mellom Kårstø- anlegget og den kommunale veggen ved Haugsneset er midlertidig, og vil bli tilbakeført.
- 3) Det bør leggjast til rette for bruk av kjølevatnet frå omformarstasjonen, dersom dette er mogleg.
- 4) Ein bør ta omsyn til naturverdiar i anleggsfasen og gjennomføra avbøtande tiltak som føreslått i konsekvensutgreinga.

Rådmannen visar elles til kommentarar under «vurdering og merknader».

Arvid S. Vallestad
rådmann

Bjørn Bruaset
Teknisk sjef

BEHANDLING I TEKNISK UTVAL - 08.01.2015

Per Molland (Ap) la fram følgjande framlegg til vedtak:

«Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

5. *Det må gjerast tiltak mot støy i nærområdet med omsyn til busetnad og rekreasjonsområdet Austevik, både i anleggsperioden og når anlegget er i drift.*
6. *Ved utbygging av infrastruktur (veg, vatn og avløp) må det leggjast til rette for at grunneigarane kan kopla seg på.*
7. *Ved bruk av kommunal veg i anleggsperioden, må skade eller forringing av veggen utbetrast når anleggsperioden er avslutta.»*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg frå Per Molland (Ap) vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I TEKNISK UTVAL - 08.01.2015

Teknisk utval er positive til prosjektet, og har følgjande kommentarar:

- 1) Ein forutset at det er kapasitet på nettet til eit uttak av denne storleiken, utan at det får negative konsekvensar for anna industri i nærleiken innafor nærmaste framtid.
- 2) Ein forutset også at anleggsvegen som går aust-vest mellom Kårstø- anlegget og den kommunale vegen ved Haugsneset er midlertidig, og vil bli tilbakeført.
- 3) Det bør leggjast til rette for bruk av kjølevatnet frå omformarstasjonen, dersom dette er mogleg.
- 4) Ein bør ta omsyn til naturverdiar i anleggsfasen og gjennomføra avbøtande tiltak som føreslått i konsekvensutgreiinga.
- 5) Det må gjerast tiltak mot støy i nærområdet med omsyn til busetnad og rekreasjonsområdet Austevik, både i anleggsperioden og når anlegget er i drift.
- 6) Ved utbygging av infrastruktur (veg, vatn og avløp) må det leggjast til rette for at grunneigarane kan kopla seg på.
- 7) Ved bruk av kommunal veg i anleggsperioden, må skade eller forringing av vegen utbetrast når anleggsperioden er avslutta.

Rådmannen visar elles til kommentarar under «vurdering og merknader».

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt på høyring konsesjonssøknad etter energilova og forslag til konsekvensutgreiing for overføringsanlegg for kraft frå land til Johan Sverdrup-feltet frå Statoil ASA. Det er også søkt om løyve til ekspropriasjon og forhåndstiltredelse etter oreigningslova. Søknaden omfattar utviding av brytarstasjon på Kårstø industriområde, vekselstraumkablar i jord mellom Kårstø og Haugsneset, ein ny omformarstasjon på Haugsneset, likestraumskablar i sjø, og nødvendige mottaksanlegg på ein planlagt stigerøyrplattform på Johan Sverdrup-feltet. Johan Sverdrup-feltet ligg på Utsirahøyden og det er vidare planlagt at alle felt på Utsirahøyden skal elektrifiserast. Alle sakspapira finn ein på www.nve.no/konsesjoner. Saka skal godkjennast i Stortinget. Teknisk utval ga i sak 44/12 den 29.03.2012 uttale til forslag til utredningsprogram for Utsirahøyden elektrifiseringsprosjekt. Prosjektet blir no kalla «Johan Sverdrup – Kraft frå land». Saka ligg vedlagt og følgjande blei vedtatt i teknisk utval:

Teknisk utval meiner at forslag til utredningsprogram for etablering av infrastruktur for kraft frå land til felt på Utsirahøyden langt på veg er dekkande, men at konsekvensutgreiinga i tillegg bør innehalde:


- 1. Ei vurdering på om tiltaket vil påverke ei framtidig etablering av verksemd som kan utnytte kjølevatnet frå Kårstø på Haugsneset.*
- 2. Ei utgreiing om veg til likeretterstasjonen dersom den blir lokalisert på Haugsneset.*
- 3. Ei utgreiing om tiltaket vil påverke friluftsliv og landbruk i området.*
- 4. Ei risikoanalyse.*
- 5. Ei avklaring etter naturmangfaldlova.*
- 6. Forslag til avbøtande tiltak der kor ein vurderar at det kan vere konflikt eller uheldige konsekvensar av tiltaket.*

Det blei også sendt ei uttale frå Ordførar- og rådmannskollegiet på Haugalandet (ORK). Denne ligg vedlagt.

Samstundes med høyringa av søknad om anleggskonsesjon har Statoil sendt på høyring «Plan for Utbygging og drift (PUD)» av Johan Sverdrup-feltet med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Denne skal behandlast av Olje- og energidepartementet (OED) etter petroleumsløva og godkjennast i Stortinget. Alle sakspapir ligg på nettsidene til Statoil; www.statoil.com/ku/johansverdrup. Forslag til program for konsekvensutgreiing for Johan Sverdrup-feltet var oppe til uttale i teknisk utval den 20.03.2014, sak 44/14. Saka ligg vedlagt.

Vidare var det også i haust på høyring konsekvensutgreiing for eksportløyving frå Johan Sverdrup-feltet, med planlagt olje levert til Mongstad og gass levert til Kårstø. Denne har Tysvær kommune ikkje gitt uttale til.

Det er altså to søknader som er på høyring no; ein søknad om anleggskonsesjon for overføring og kraftanlegg som NVE skal behandla etter energilova, og ei høyring av konsekvensutgreiing for Johan Sverdrupfeltet som OED skal behandle etter petroleumsløva. Då desse to sakene heng så tett saman og har same høyringsfrist blir dei fremma som ei sak for teknisk utval. Det er hovudsakeleg høyring av søknad om konsesjon etter energilova som blir omtala då det er denne som kan ha størst konsekvens for Tysvær kommune.



Figur 1: Skisse over korleis Utsirahøyden er planlagt elektrifisert. I første fase er det Johan Sverdrup feltet som skal elektrifiserast.

Høyring søknad om anleggskonsesjon og ekspropiasjonstillatelse og forhåndtiltredelse:

Det er søkt om konsesjon for uttak og overføring av inntil 300 MW frå nettet på Kårstø. Det er tenkt ei utbygging i to fasar. Først vil ein byggje for eit uttak og overføring på ca 100 MW for første fase av Johan Sverdrup-feltet. Ein reknar at fullt utbygd vil Johan Sverdrup ha eit effektbehov på mellom 120 -180 MW. I tillegg antar ein at dei tre andre felta har eit kraftbehov på ca 75 MW. Totalt sett og medrekna tap på nettet og sikkerheitsmargin reknar ein at det vil vere behov for å ta ut ca 280 MW frå land i neste byggefase.

Tiltaket inneber ei oppgradering av eksisterande brytarstasjon inne på Kårstø-anlegget og ein ny omformarstasjon på Haugsneset med tilhøyrande jordkabler frå Kårstø.

Det går fram av søknaden at Statnett har meldt at det med dagens forbruk er kapasitet på nettet til eit uttak på 300 MW. Hydro Aluminium har varsla at dei planlegg ein produksjon som vil gi eit uttak på 500 MW. I så fall må nettet oppgraderast uavhengig av elektrifiseringsprosjektet av Johan Sverdrup-feltet. Det skal vere kapasitet på nettet til både pilot-prosjektet til Hydro Aluminium og første fase av Johan-Sverdrup feltet.

Ved å forsyne Johan Sverdrup med kraft frå land reknar ein at ein kan spare eit offshore utslepp på nesten 19 millionar tonn CO₂ gjennom feltets levetid.

Høyring konsekvensutgreiing utbygging av Johann Sverdrup-feltet.

Konsekvensutgreiinga omtalar ulike val av teknologi og lokalisering. I første fase vil det bli bygd eit feltcenter beståande av 4 plattformer med planlagt oppstart i 2019. Ein reknar at samla petroleumsressursar på feltet er mellom 1,8 og 2,9 milliardar fat olje, kor ca 95 % er olje og 5 % er riggass. Olje skal leverast til Mongstad og gass til Kårstø. Konsekvensutgreiinga omtalar tiltakets konsekvensar for miljø og samfunn. Ein stor del av prosjektet er den planlagte elektrifiseringa med kraft levert frå land.

Uttale frå Haugaland Vekst:

Kommunen ser det som viktig at utbygginga sikrar framtidige næringsetableringar og moglegheiter til utviding av eksisterande verksemdar i forhold til leveranse av kraft. Det er positivt at myndighetene sikrar utbygging av Johan Sverdrup-feltet som kan sikre vidare næringsutvikling i regionen.

Vurdering og merknader:

Søknaden omtalar nettkapasiteten i område. Det er sagt at ved eit effektuttak på 300 MW slik situasjonen er i dag er det ikkje noko problem med leveringskapasitet. Skulle derimot anna energikrevjande industri etablere seg innafor SKL-ringen (området som Tysvær kommune inngår i) kan det bli eit problem. Dette kan få konsekvensar blant anna for etablering av energikrevjande

industri i Haugaland Næringspark. Statnett har gjennomført konseptvalgutredning (KVU) for sentralnettsløsning mellom Sauda og Samnanger og hadde møte med kommunen om saka i november 2014. KVU-en seier at oppgradering av eksisterande nett vil vere den beste samfunnsøkonomiske løysninga. Den skal behandlast av OED i løpet av sommaren 2015. Vidare seier den at det er kapasitet på nettet til første fase av elektrifiseringa av Johan Sverdrup-feltet og pilotanlegget til Hydro Aluminium på Karmøy.

Det var 29.11. 2012 oppe sak i teknisk utval vedrørande etablering av omformarstasjonen og ny veg til industriarealet på Haugsneset, sak 171/12. Følgjande blei vedtatt:

- 1. Teknisk utval viser til grunngeving i saksutgreiinga og ber Statoil utarbeide reguleringsplan for deira planlagte tiltak innafor området omfatta av godkjent reguleringsplan Industriområde Haugsneset.*
- 2. Teknisk utval er open for at ein anleggsvei nær identisk med reguleringsplanen for ny veg frå 1988 kan ligge permanent dersom grunneigarane gir sin tilslutning. Utvalet tar atterhald om at omsyn til biologisk mangfald, landskapsverdiar m.v. kan tilsei at anleggveien bør tilbakeførast til tidlegare arealtype.*
- 3. Der traseen går over dyrka areal skal traseen tilbakeføres til opprinnelig formål.*

Det er no opplyst at det ikkje skal etablerast ein permanent veg langs kabelgrøfta aust-vest mellom Kårstø-anlegget og Haugsneset. Området skal i størst mogleg grad tilbakeførast etter at kablane er nedgravd, og det vil bli ei 60 m brei byggeforbudsone langs med grøfta. Vegen sørover frå den kommunale vegen til industriområdet på Haugsneset skal vere permanent. Denne vil liggje omtrent kor den er vist i reguleringsplanen frå 1988, og kommunen har i møte med Statoil signalisert at dette kan vere ei grei løysning.

Tysvær kommune har i lengre tid etterspurt og arbeida for å kunne nytte kjølevatnet frå Kårstø som i dag går direkte ut i sjøen. Marine Harvest har ein opsjonsavtale på kjøp av tomt og planlegg eit mogleg settefiskanlegg på gbnr 53/43, Haugsneset. Ein reknar at den permanente vegen då også kan nyttast som tilkomst til dette arealet, og at tiltaket ikkje kjem i konflikt med ei eventuell etablering av næringsbedrift som kan nytte kjølevatnet her.

Ein ser av søknad at ein har valgt å gå for ei løysning med bruk av vatn for kjøling i omformarstasjonen. Det er i første omgang planlagt eit kjølevatnbehov på ca 170 m³ i timen, men framtidig er det lagt til grunn eit behov på ca 400 m³ i timen. Det er også dette som er lagt til grunn ved berekning av innlagring og temperaturstigning i sjøen. Oppvarming frå inntak til uttak vil vere på ca 15°C. Rådmannen spør om det er teknologisk mogleg å nytte dette kjølevatnet? Det er så vidt ein kan sjå ikkje vurdert noko anna løysning enn å sleppe det ut. Det er klart større mengder med temperert vatn som går ut frå Kårstø-anlegget, men rådmannen meiner likevel at alternativ bruk av kjølevatnet frå likerettar stasjonen kunne vore omtala.

Når det gjeld konsekvens for biologisk mangfald på land er det ei fyldig vurdering i konsekvensutgreiinga som er vedlagt søknaden om konsesjon. Kabel i frå inntaksstasjonen på Kårstø og vidare til likerettarstasjonen på Haugsneset skal krysse Årvikselva, og dette er planlagt skal skje oppstrams både registrerte gyteområder og elvemuslingslokalitet. Av avbøtande tiltak er det føreslått at kryssinga skal gjerast på ein slik måte at ein ikkje får ei varig endring i elveløpet og slik at ein unngår partikkeltransport og tilslamming så langt det er mogleg. Vidare skal arbeide leggjast utanfor gytesesong til laks og aure. Rådmannen ber om at dette bli følgt opp og at ein samstundes ikkje fjernar unødig med kantvegetasjon. I forhold til sårbare fuglearter i området er det føreslått at anleggsaktivitet så langt som mogleg skal leggjast utanfor hekkesesong.

I den vedlagte konsekvensutgreiinga til søknad om anleggskonsesjon er det berekna at Tysvær kommune kan få inntil 15 millionar i skatteinntekter for omformarstasjonen. Føresetnaden for dette talet er at kommunen både har eigedomsskatt på «verker og bruk» og generell eigedomsskatt. Det kan også nemnast at ein reknar at første fase av prosjektet vil føre til ei regional verdiskaping i Haugesunds-området på heile 365 millionar.

Vidare vil rådmannen kommentera at det er positivt at ein no går i gong med elektrifisering av sokkelen.

Vedlegg:

Høyringsbrev frå NVE

Vedlegg A1: Søknad om anleggskonsesjon etter energilova, og ekspropriasjonstillatelse og forhåndstiltredelse etter oieigningslova

Vedlegg A2: Johan Sverdrup kraft frå land - KU og PAD del II

Vedlegg A3: Sak 44/12 teknisk utval - Uttale melding med forslag til utredningsprogram Utsirahøyden elektrifiseringsprosjekt

Vedlegg A4: Uttale frå ORK ang elektrifisering av Utsirahøyden

Vedlegg A5: Sak 171/12 teknisk utval - Planar om omformarstasjon for likestraum og ny veg til industriarealet på Haugsneset

Høyringsbrev frå Statoil ASA - KU og PUD

Vedlegg B1: Johan Sverdrup-feltet PUD del II og konsekvensutgreiing

Vedlegg B2: Sak 44/12 teknisk utval - Høyringsuttale forslag til program for konsekvensutgreiing Johan Sverdrup-feltet

Vedlegg B3: Uttale forslag til program for konsekvensutgreiing frå Haugaland Vekst